

**Valfri takform på Ytre Eik**

09.03.2012

**i reguleringsplanen for Ytre Eik har det til no stått at husa skal ha saltak med vinkel mellom 24 og 32 grader. Det blir truleg endra av forvaltningskomiteen til veka slik at det blir høve til valfri takform,**

Også mønehøgda blir endra - frå maksimalt 7,5 til 9 meter  
Rådmannen meiner desse endringane er mindre og i samsvar med lova.

Endringane skjer for å opne for kundane sine ynskje og behov og grunneigar og utbyggjar Frode Bu har teke initiativet.

Endringane vil ikkje ha negativ verknad på omkringliggjande miljø i høve til det som er planlagt.